



BREMANGER KOMMUNE

PLO/BARNEVERN/HELSE

Helse og omsorgsdepartementet
Post boks 8011 Dep
0030 OSLO

Vår ref.
10/2173-2/KI-//RY

Dykkar ref.

Dato:
03.01.2011

BREMANGER KOMMUNE SI FRÅSEGN TIL NASJONAL HELSE-OG OMSORGSPPLAN 2011-2015, NY FOLKEHELSELOV OG NY KOMMUNAL HELSE-OG OMSORGSLOV

1. NASJONAL HELSEPLAN, 2011-2015.

Kommentarar til høyringsgrunnlaget til Nasjonal helse- og omsorgsplan, "Fremtidens helsetjeneste: trygghet for alle", – med fokus på to av kap.: "Fremtidens kommunehelsetjeneste" og "Helhet og sammenheng".

I føreordet til høyringsnotatet frå helse- og omsorgsdepartementet, seier statsråd Strøm-Erichsen at Nasjonal helse- og omsorgsplan skal "vise hvordan reformen skal gjennomføres". Regjeringa vil at planen skal vere ein operativ reiskap for prioriteringar innafor dei samla helse- og omsorgstenestene. Den vert vidare presisert at den skal sikre god politisk styring gjennom å vere eit strategisk styringsdokument for helsetenesta.

Heilstaklege tenester og likeverdige partar:

Kapitla som kommunen vil konsentrere seg om i denne fråsegna, handlar om to område: "Fremtidens kommunehelsetjeneste" og "Helhet og sammenheng". Underkapitla til "Helhet og sammenheng", er sjukehusstruktur, akuttmedisin, tilgjenge, desentraliserte spesialisthelsetenester, finansiering av spesialisthelsetenesta og psykisk helse og rus.

Dei to forvaltningsnivåa skal vere likeverdige partar i utviklinga av den framtidige helsetenesta. Tradisjonelt er det spesialisthelsetenesta som har vore premissleverandør også for førstelinetenesta. Det nye planframleggget ber preg av ovannemnde tradisjonelle tenkjemåte. Kommunen er skeptiske til at spesialisthelsetenesta også i det nye nasjonale styringsverktyet skal få altfor sterk innverknad. Eitt døme er problematiseringa av akuttmedisin. Problematisering av AMK-tenestene har fått ein stor plass i planframleggget, medan den kommunale delen (legevaktsentralar og pleie- og omsorgstenestene) i ein akuttmedisinsk kjede er via liten plass. I eit pedagogisk perspektiv, jf. intensjonane med reforma, burde "Helhet og sammenheng" også omfatte kommunehelsetenesta. Det er heilt

Kontoradresse:
Rådhuset
6721 SVELGEN

Postadresse:
Postboks 104
6721 SVELGEN

Telofon / telefaks:
57 79 63 00
57 79 63 01

E-post / web:
ry@bremanger.kommune.no
www.bremanger.kommune.no

Bankgiro:
3776.07.50035

avgjerande, både i høve til tenestekvalitet og økonomi, at også breiddekompetansen til kommunehelsetenesta vert vidareført.

Behov for ein samla sjukehus-/behandlingsinstitusjonsplan:

Kommunen vil t.d. peike på behovet for ein sjukehusplan som ein del av Nasjonal helse- og omsorgsplan. Sjukehusplanen må innehalde nasjonale minstekrav til kva helsetenester som skal vere på eit sjukehus, og kvar sjukehusa skal ligge. Det må også takast geografiske omsyn i område med spreidd busettnad og store avstandar.

Nokre kommunar er truleg for små til å kunne bygge opp eigne tenester på ulike område, men kommunen ønsker ikkje nye interkommunale/kommunale institusjonar og forvaltningsnivå – t.d. distriktsmedisinske senter utan ein klar ansvarsdefinisjon.

Avklaring av omgrep:

Det er heilt grunnleggjande for ei ryddig og likeverdig realisering av reforma at roller og oppgåver til første- og andrelinetenesta er tydelege i ein ny strategisk og operativ styringsreiskap. Planframlegget er t.d. uklart i høve til definisjonar av sjukehusinstitusjonar og kommunale/interkommunale institusjonar som t.d. distriktsmedisinske senter. Kva skal innhaldet vere, kva oppgåver skal utførast i kommunale senter i høve til spesialisthelsetenesta, og kva krav til kompetanse skal stillast?

Statlege styresmakter må - gjennom ein nasjonal helse- og omsorgsplan - vere klare og tydelege på dei ulike behandlingsinstitusjonane sine roller, oppgåver og ansvar i heile behandlingskjeda som skal sikre "gode pasientforløp".

Oppsummering av krav til innhald og tiltak i ny Nasjonal helse- og omsorgsplan.

- For å kunne sikre pasientane sine behov for helsetenester – og "gode pasientforløp", må det vere ei klar og tydeleg ansvarsdeling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Kommunane bur seg på å overta oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Men er avhengig av at midlar og kompetanse kjem i førekant av oppgåvene. Det er også viktig at nye oppgåver ligg nær opp til eksisterande oppgåver, slik at den breiddekompetansen som finst i kommunane kan bli ivaretaken og endå betre utnytta. Spesialistoppgåver må framleis ivaretakast i spesialisthelsetenesta.
- Skal planen bli eit reelt og konkret styringsverktøy, må den avspegle intensjonane i Samhandlingsreforma om heilskaplege tenester, ha klare definisjonar på behandlingsinstitusjonar, og gi ei konkret og fullgod framstilling av dei ulike tenestene/forvaltningsnivåa sine oppgåver og ansvar. Kommunen ønsker ikkje at det vert lagt opp til "nye" behandlingsnivå, med uklar organisering og ansvarstilhøve. Difor må evt. "distriktsmedisinske senter" vere kommunale/interkommunale.
- Ein nasjonal helse- og omsorgsplan må også vere konkret i høve til tidspunkt for "innfasing" av verkemiddel/gjennomføring. Den må også vere konkret i høve til økonomiske rammer for nye oppgåver i kommunane. Gjennomføringa vil ta tid, og skal kommunane kunne planleggje og leggje til rette for nye oppgåver, må dei økonomiske rammene vere føreseielege. Jf t.d. rekruttering av fagpersonar.
- Ein sjukehusplan (evt. behandlingsinstitusjonsplan) – med ein behandlingsinstitusjonsstruktur som tek omsyn til reelle behov, geografi og avstandar – må implementerast i nasjonal helse- og omsorgsplan.

2. NY LOV OM KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER.

- Kommunen ser det som viktig og rett å rydde opp i noverande lovverk og å harmonisere lovverket med dagens røyndom. Det er rett å klargjere kommunen sine

plikter ("sørgje- for-ansvar") etter ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester, pasientane sine rettar etter pasientrettighetslova og helsepersonell sine plikter etter helsepersonellova. At den nye lova vert ei rein pliktlov/tenestelov - og pasientrettighetslova ei rein rettighetslov – er ein fordel for alle partar.

- Etter lovframlegget vert kommunane ansvarlege for tenesteytingar, men kan velje mellom enten sjølv å utføre tenestene, eller å inngå avtaler med private tenesteleverandørar eller andre kommunar. Uansett kven som faktisk utfører tenestene til innbyggjarane, har kommunen ansvaret for at dei vert planlagde, gjennomførte, evaluerte og korrigerte i tråd med lovgjevinga. Ansvaret kan likevel ikkje kommunane "avtale seg bort" frå. Dette vil føre til strengare krav til kommunane når det gjeld planleggings- og avtalekompetanse, og behov for ressursar til dette arbeidet. Kommunane har det reelle "sørgje for-ansvaret" overfor innbyggjarane, og må difor ha både personellmessige og økonomiske ressursar til å kunne ta dette ansvaret.
- Kommunen står departementet sitt krav om at kommunane sjølv organiserer sine tenester ut frå lokale tilhøve. Det er viktig at kommunane får det reelle ansvaret, og at det ikkje blir etterfølgt av sterke statleg detaljstyring.
- Det kommunale ansvaret for helse- og omsorgstenester blir negativt avgrensa til alle tenester som ikkje stat eller fylkeskommune har ansvar for. Dette er eit ansvar som krev reelt likeverd mellom partane. Det må difor avklarast korleis slikt likeverd skal praktiserast. Eit aktuelt område å nemne her er felles forståing av kva som ligg i omgrepet *utskrivningsklar pasient*. Dersom det oppstår usemje om ansvarsfordelinga, må tvisten avgjerast av eit uavhengig tvisteløysingsorgan. Kommunen går imot at HOD einsidig kan fastsetje ansvarsdelinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.
- For å sikre ei god oppgåvefordeling, bør dei største pasientforløpa mellom kommunen og helseføretaket gåast gjennom, for å kartlegge kva føresetnader som må på plass for ei vellukka overføring av pasientforløp frå spesialisthelsetenesta til kommunehelsetenesta. Dette gjeld særleg psykiatri, rus og rehabilitering.
- Kommunehelsetenesta bør organisere eit øyeblikkeleg-hjelp døgntilbod til pasientar som mellombels treng auka behandling, pleie og omsorg i heimen eller i sjukeheim. Kommunane må sjølv bestemme korleis dette tilboden skal organiserast. Departementet har særleg bede om synspunkt på om det er behov for å lovfeste ei plikt for kommunen til å etablere eit slikt tilbod, eller om det skal vere frivillig for den enkelte kommune om eit slikt tilbod skal etablerast. Det bør gjennomførast ei gradvis innfasing og følgjeforsking/-evaluering ved overføring av oppgåver og plikter til kommunen.
- Dersom kommunane skal overta 10 - 30 % av innleggingane i spesialisthelsetenesta i dag, må det stillast både økonomiske og personalmessige ressursar til disposisjon for kommunane til å bygge opp tilbod før dei får oppgåvene.
- Den kommunale medfinansieringsmodellen for spesialisthelsetenester, sjølv om den no er avgrensa, må kombinerast med mekanismar for å avgrense den enkelte kommune sin finansielle risiko.
- Dei økonomiske verknadene av eit øyeblikkeleg-hjelp døgntilbod må bli kostnadsrekna med sikte på full statleg finansiering. Ansvarsdelinga mellom

spesialisthelsetenesta og kommunane bør samtidig klargjerast. Innanfor psykiatri og rus ligg ikkje tilhøva til rette for at det kan innførast ei betalingsplikt for utskrivningsklare pasientar frå 2012.

- Dei økonomiske og administrative konsekvensane er vanskelege å føresjå, men kommunen meiner dei vil bli langt høgare enn antyda i høyringsnotatet. Dette gjelder også for legetenesta.
- Kommunane manglar i dag mulegheiter til å styre fastlegane. Dette må sikrast betre i den nye lova. Skal kommunane ha reell mulegheit for å styre fastlegane, må legane vere trygge for at det tilbodet kommunane byggjer opp er trygt og sikkert både for dei og for pasientane. I dagens samfunn, med fokus på pasientrettar og at helsepersonell vert vurderte opp mot krav om erstatningar ved feilbehandling, er det lett å sjå legen sitt behov for å vere trygg for at det tilbodet som vert gjeve er godt nok.

Avstand til spesialisthelsetenester er og ein viktig faktor i denne samanhengen. Den økonomiske risikoene for kommunane er difor stor i høve til finansiering av spesialisthelsetenesta.

- For å gjennomføre reforma, vil det vere behov for å auke talet på legar i kommunane, både for å sikre fridom til å velje fastlege i små kommunar, og for å kunne auke omfanget på dei kommunale legeoppgåvene. Det gjeld styrkt tilsynslegefunksjon, meir førebyggjande innsats og pålegg av samfunnsmedisinske oppgåver. Ettersom legane ikkje skal kunne verte pålagde meir enn 7,5 time offentleg arbeid kvar veke, vil mindre kommunar få store vanskar med å løyse alle oppgåvene åleine. Statlege styresmakter må, i samarbeid med kommunane, arbeide fram tiltak for å rekruttere legar og finansiere ekstra kostnader til føremålet.
- Behovet for arbeidskraft gjer det naudsynt med fleire tiltak. Det må utdannast tilstrekkeleg helsepersonell med relevant kompetanse. Kommunane må halde fram arbeidet med å utvikle gode og interessante arbeidsplassar i helse- og omsorgssektoren, der medarbeidarane blir verande og vert sikra kompetanseutvikling. Ein vedvarande innsats retta mot fleire i større og heile stillingar, samt reduksjon av sjukefråvær, vil gje betre utnytting av dei tilsette. Samarbeidet mellom KS og staten om kvalitetsavtalen/nasjonal rammeavtale må vidareførast, også med tanke på rekruttering av personell.
- Det er viktig å ha fokus på kompetanseutvikling og oppgåver for alle relevante yrkesgrupper, ikkje berre legane. Det er den gruppa som har fått mest fokus i St.meldinga om samhandlingsreforma. Legane er ei avgjerande yrkesgruppe for gode og trygge helsetenester, men mange andre yrkesgrupper vert viktige for eit godt resultat både når det gjeld førebygging, behandling, rehabilitering og planlegging. Av ressurssyn må all relevant kompetanse verte nytta.
- Utdanningsinstitusjonane er i for stor grad retta inn mot arbeid i spesialisthelsetenesta, og det må i større grad leggjast vekt på å utdanne personell som er tilpassa framtidige kommunale oppgåver. Rekrutterings- og kompetansehevingstiltak for å imøtekommne reforma sine intensjonar, vil måtte krevje økonomiske ressursar frå kommunane, og vil truleg ha tariffmessige konsekvensar med høgare lønsnivå.

- Samhandling og kompetanseoverføring mellom spesialisthelsetenesta og kommunane må styrkast ved hjelp av ambulant verksemd , jfr gode røynsler frå psykiatrien. Her vil vi også peike på behovet for ambulerande geriatriske team.
- Kommunane skal ha forsvarlege journal- og informasjonssystem. Det er viktig å presisere staten sitt ansvar for å utarbeide standardar for elektronisk samhandling. Krav, i høve til leverandørar av elektroniske løysingar, må presiserast nærare for å sikre heilskaplege, velfungerande løysingar. Dette vil også føre til behov for å auke kommunal ressursbruk i høve elektronisk fagutvikling, slik at eksisterande og framtidige løysingar vert optimale.
- Det er rett ansvarsdeling at kommunane har hovudansvar for å utarbeide individuell plan og oppnemne koordinator, ettersom det er i kommunane tenesteytinga i hovudsak vil skje.
- Det vert gjort framlegg om at koordinerande eining vert lovfesta og ikkje lenger forskriftsfesta. Systemansvaret for individuell plan/koordinering vert lagt til desse einingane. Dette er ein tenleg måte å sikre koordineringsarbeidet kring den einskilde brukar på, men det byr på store utfordringar knytte til å involvere mange ulike yrkesgrupper, samordne ulike tenestetypar - og etablere ei funksjonell organisering i den einskilde kommunen
- Dei økonomiske konsekvensane for kommunane må kartleggjast betre, og nye oppgåver må fullfinansierast.
- Dei nye oppgåvene og det utvida ansvaret kommunane får, vil krevje meir ressursar enn det mange kommunar har mulighet til å stille til rådvelde. Enkelte oppgåver kan truleg løysast gjennom administrativt samarbeid. Men summen av oppgåver, og oppgåvene sin karakter, tilseier at samarbeidet bør styrast av eit folkevalt organ.

3. NY FOLKEHELSELOV.

Det er positivt at folkehelse vert vektlagt i lovs form for både kommune og fylkeskommune, men kommunen stiller spørsmål ved den underliggende premissen om at den føreslegne nye folkehelselova vil frambringe betre folkehelse, utan at dette skal ha betydelege økonomiske eller administrative konsekvensar for kommunane /fylkeskommunane.

Krav til samarbeid, helseovervaking og statistikk, slik dei er skisserte i lovforslaget, vil ha betydelege økonomiske og administrative kostnadars som det ikkje er teke høgde for i høyringsnotatet.

Nokre kommunar har, ved hjelp av tilskotsmidlar frå stat og fylkeskommune, kome i gang med utvikling av folkehelsearbeidet i samarbeid med frivillig sektor. Den tverrfaglege innsatsen og involveringa av mange ulike yrkesgrupper er avgjerande, men det er ressurskrevjande.

Dei auka krava som blir stilte på folkehelseområdet, medfører meirkostnader for kommunane / fylkeskommunane både ressurs- og kompetansemessing.

Det er positivt at det ikkje vert stilt krav om legekompetanse for arbeid med miljøretta helsevern, men at det framleis skal vere tilgang på medisinsk-fagleg rådgjevar. Lokale tilhøve og tilgang på ulik og relevant fagkompetanse, avgjer kva som kan fungere i den einskilde kommune.

Departementet skriv i kap. 20.2 at lovframlegg i hovudsak er ei vidareføring av kommunen sitt ansvar, men med auka krav til systematikk, kunnskapsbaserte tiltak, prioriteringar og integrering av folkehelseomsyn inn i kommunen sine øvrige aktivitetar, og at dette ikkje vil medføre auka kostnader for kommunen.

Kommunen er samd i intensjonane departementet her presenterer, men kan ikkje sjå at dei planane kan gjennomførast utan auke i ressursar og kompetanse. Det er også viktig at fylkeskommune og stat er ein reell medspelar som leverer dei data og grunnlagsmateriale som kommunane treng for å gjere dette arbeidet godt nok.



BREMANGER KOMMUNE

Sakspapir

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr.	Sakshands.
Formannskapet	18.01.2011	008/11	RY
Avgjerd av: Saksansv.: Randi Ytrehus		Arkiv: K2-G00	Arkivsaknr.: 10/2173

Fråsegn til nasjonal helse- og omsorgsplan 2011-2015, ny folkehelselov og ny kommunal helse- og omsorgslov

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

- NOU 2004:18 Helhet og plan i sosial-og helsetjenestene.
- NOU 2005:3 Frå stykkevis til helt – En sammenhengende helsetjeneste. Samhandlinsreforma, St.m. nr. 47, (2008-2009).
- Høringsnotat – forslag til ny kommunal helse –og omsorgslov.
- Høringsnotat – forslag til ny folkehelselov.
- Nasjonal helse og omsorgsplan.

Kva saka gjeld:

Bremanger kommune si fråsegn til Nasjonal helse og omsorgsplan 2011-2015, ny Folkehelselov og ny Kommunal helse-og omsorgsplan.

Bakgrunn for saka:

Den 18. oktober 2010 la Helse –og omsorgsdepartementet fram forslag til ny folkehelselov, ny kommunal helse-og omsorgslov og ny nasjonal helse-og omsorgsplan, 2011-2015. Høyringsfristen er 18.01.2011. Bremanger kommune v. kommunalsjef for Helse og omsorg har delteke i ei arbeidsgruppe saman med kommunalsjefar frå Vågsøy, Selje, Hornindal, Eid og Stryn om fråsegnene.

Bremanger kommune deltek også i Samarbeidsnettverket knytt til Helse Førde og Samhandlingsreforma saman med Balestrand, Flora, Førde, Jølster, Naustdal, Gauldal, Fjaler, Hyllestad, Askvoll, Solund og Høyanger.

Måla for dette prosjektet er:

- Å skape administrativ og politisk forankring og motivasjon hjå deltakande kommunar og Helse Førde til auka samarbeid.
- Sikre god samhandling med Helse Førde og kommunane slik at pasientane sine førebyggjande og behandlande tiltak vert kvalitetssikra, trygge og kostnadseffektive.
- Kartlegge kva områder innan helsetenesta pasientane i dei samarbeidande kommunane vil ha nytte av ein interkommunalt samarbeid/interkommunale tenester.
- Initiere konkrete interkommunale samhandlingsprosjekt der det er tenleg.
- Kartlegge, føreslå og etablere samhandslingsarenaer, til dømes interkommunal institusjonsrehabilitering og felles førebyggande tenester/miljøretta helsevern.

I høve miljøretta helsevern kjøper Bremanger kommune tenesta frå Stryn kommune.

Saksutgreiing:

Samhandlingsreforma: Regjeringa la fram Samhandlingsreforma, Stortingsmelding nr. 47 (2008-2009) i 2009. Den vart vedteken i Stortinget i april 2010. Det overordna målet med reforma er å redusere helseskilnader, og at alle skal ha eit likeverdig tilbod om helse- og omsorgstenester uavhengig av diagnose, bustad, personleg økonomi, kjønn, etnisk bakgrunn og den einskilde sin livssituasjon. Det skal satsast meir på førebyggjande arbeid og tidleg innsats for å avgrense plager og lidningar og hindre sjukdomsutvikling. Pasientar og brukarar skal møte meir heilskaplege og koordinerte tenester. Når sjukdom råkar, er det viktig at folk opplever at dei får tilbod om behandling og pleie med kort ventetid og størst mogleg nærleik til behandling. Måla i reforma skal realiserast gjennom eit sett av verkemiddel, som skal ”innfasast” gradvis. Dei nye lovframlegga som no er til høyring, er eitt av fleire slike verkemiddel.

Oppsummering av hovudinnhald og mål i høyringsdokumenta:

Ny folkehelselov og ny kommunal helse- og omsorgslov vil erstatte kommunehelsetenestelova, sosialtenestelova og lov om fylkeskommunane sine oppgåver i folkehelsearbeidet.

I framlegg til ny ***communal helse -og omsorgslov*** vert kommunane sitt overordna ansvar for helse- og omsorgstenester (”sørgje-for ansvar”) tydleggjort, utan at kommunane samstundes vert pålagde bestemte måtar å organisere tenestene på. Kommunane sine plikter skal i hovudsak vidareførast, men i framlegget ligg ei meir overordna og profesjonsnøytral utforming av plikta, og fridom til å tilpasse tilboden til lokale behov. I framlegget vert skiljet mellom helsetenester og omsorgstenester oppeha. Høyringsinstansane vert særskilt bedne om å kome med innspel på om det evt. bør lovfestast ei plikt til å etablere døgntilbod til pasientarsom alternativ til sjukehusinnlegging for pasientar som har behov for observasjon, undersøking og behandling.

Føremålet med ny ***folkehelselov*** er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og bidreg til å motverke sosiale skilnader. Lova er eit viktig bidrag for å kunne nå Samhandlingsreforma sin intensjon om å førebyggje meir og betre. Lova skal tydeleggjere ansvar og oppgåver, samt gje kommunane og fylkeskommunane eit betre verkty i

folkehelsearbeidet. Kommunane skal bruke **Alle sine sektorar** til å fremje folkehelse, ikkje berre helsesektoren.

Nasjonal helse- og omsorgsplan skal vise korleis Samhandlingsreforma skal gjennomførast. Høyringsdokumentet inneheld 6 hovudkapittel med fleire underkapittel. Departementet sitt arbeid med planen skal fremjast i form av ei stortingsmelding våren 2011. Regjeringa vil at Nasjonal helse- og omsorgsplan skal vere ein operativ reiskap for prioriteringar innanfor dei samla helse- og omsorgstenestene, og planen skal sikre god politisk styring gjennom å vere eit strategisk styringsdokument for helsetenesta.

Den kommunale høyringsprosessen:

Kommunalsjefane i Vågsøy, Selje, Eid, Stryn, Hornindal og Bremanger med ansvar for helse- og omsorgstenestetilbodet, har samarbeidd om framlegga til fråsegnene. Arbeidet starta 06.12. Kvar kommune skal handsame saka før høyringsfristen, den 18.01.11, og sende inn fråsegner, vedtak og evt. merknader einskildvis. Fråsegnene vert også sendt til KS, som har sett fristen til 10.01.11. For Bremanger kommune sin del vert dokumentet som vert sendt til KS ikkje politisk handsama, men ordføraren vil få dokumentet til vurdering. Før fråsegna vert sendt til Helse- og omsorgsdepartementet, vert saka handsama i Formannskapsmøte 18.01.2011.

Fråsegna:

Fråsegna er inndelt i tre kapittel i høve til Helse- og omsorgsdepartementet sine høyringsbrev/inndelingar:

1. Synspunkt når det gjeld Nasjonal helse- og omsorgsplan, som skal vere det strategiske styringsdokumentet for helsetenesta. Vidare følgjer synspunkt på følgjande verkemiddel når det gjeld gjennomføring av Samhandlingsreforma.
2. Ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester.
3. Ny folkehelselov.

Vurdering:

Høyringsfristen er for kort til å kunne få til grundige administrative og politiske arbeids- og vedtaksprosessar i kommunane (jf. omfattande høyringsdokument). KS si fråsegn vert difor eit viktig og meir utfyllande tilleggsdokument. Argumenta i fråsegnene til Nasjonal helse- og omsorgsplan frå Norsk foreining for allmennmedisin og Allmennlegeforeningen er også sentrale. I sine kommentarar og vurderingar til alle dei 6 kap. i planframleggget, peikar dei t.d. på fråværet av førstelinperspektiv- og eit reelt likeverd i framstillingane om samhandlinga mellom første- og andrelinetenesta.

I kommentarane til lovframlegga vert fleire aktuelle og konkrete tema kommenterte. Når det gjeld innspeil om finansiering av helsetenesta, vil kommunane måtte støtte seg til KS sine vurderingar.

Fråsegna er ikkje i konflikt med samarbeidet i Sunnfjord.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:


Framlegg til fråsegner til Nasjonal helseplan, 2011-2015, ny folkehelselov og ny kommunal helse-og omsorgslov vert vedteke slik det går fram av vedlegget.

.....
Vedtak:

Formannskapet i Bremanger kommune vedtok fråsegne til Nasjonal helseplan, 2011 – 2015, ny folkehelselov og ny kommunal helse-og omsorgslov som den ligg føre i møtet 18.01.2011.


Dato: 18.01.11

Ordførar



Kåre Olav Svarstad

Rådmann



Tom Ludvig Joensen